


Private barnehagar i Bømlo kommune
(PBL medlemmar)

01.01.08



Det kongelige kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Høyring- endring i barnehagelova.

Barnehagane i Bømlo ønskjer med dette å gje følgjande kommentarar til forslaga om endringar i barnehagelova.

1. **Rett til barnehageplass.** Bømlo kommune har pr.dags dato full barnehagedekning. Eit lovforslag som gjev foreldra rett til barnehageplass vil derfor ikkje ha store konsekvensar for dei private barnehagane i Bømlo.
2. **Rammefinansiering av barnehagesektoren.** Me meiner at finansiering av barnehagane bør vera øyremerka tilskot pr.barn under 3 år og over 3 år. Dette gjev alle born same finansiering frå stat og kommune enten dei er private eller kommunale. Alle barnehagane i Bømlo kommune er private, og forutsigbarhet og mulighet for planleggjing er heilt sentralt for drifta av barnehagane. Med dei øyremerka tilskota me får i dag, har me denne økonomiske tryggleiken.
3. **Kommunal finansiering av ikkje-kommunale barnehager.** Me meiner at det må vera lik økonomisk handsaming av barn i barnehagar, uansett kven som står som eigar.